

# Ansvar for juridiske personars interne sakskostnader

Av postdoktor, dr. juris Tore Lunde

Artikkelen fokuserer på spørsmålet om dekning av «interne» sakskostnader for juridiske personar som er partar i rettslege prosessar for domstolane. Forfattaren stiller spørsmål ved om den såkalla forsiktighetslinja som vert lagt til grunn for krav om godtgjering for partens eige arbeid, også gjeld for juridiske personars interne kostnader.

## 1 INNLEIING

Rettslege prosessar har alltid ei kostnadsside, og i praktisk talt alle saker er det spørsmål om kven av partane som skal påleggjast ansvar for å dekkje sakskostnadane til motparten. Dekning av sakskostnader reiser ei rad vanskelege og samansette spørsmål, og er stadig emne for tvistar. Hovudspørsmålet er om ein part bør ha ansvar for motparten sine sakskostnader, og i tilfelle på kva vilkår. Eit anna hovudspørsmål – som denne artikkelen drøftar visse sider ved – gjeld *utmålinga* av erstatning for sakskostnader.

Med «sakskostnader» siktar ein særleg til utgifter og godtgjering til prosessfullmektigar og deira medhjelparar, fagkyndige meddommarar, sakkyndige, vitne, rettsgebyr, translatørar, reise- og opphaldsutgifter, og liknande kostnader.

Ein annan type kostnad som får relativt lita merksemd i rettslege prosessar, er det som eg her stikkordsmessig omtalar som «interne kostnader» for juridiske personar. Med dette siktar eg førebels til kostnader til bruk av ulike interne ressursar som den juridiske person må nytte til handteringa av tvisten, særleg kostnader til arbeidskraft.

Problemstillinga er om, og eventuelt i kva omfang, slike interne kostnader skal kunne krevjast erstatta etter dei alminnelege reglane om erstatning for sakskostnader. Verken tvistemålslova eller den nye tvistelova har uttrykkelege reglar om dekning av juridiske personars *interne* kostnader, slik eg har definert dette innleiingsvis.

Eitt sentralt spørsmål er om prinsippa for godtgjering av partens eige arbeid, medrekna den såkalla «forsiktighetslinja» som har festna seg når det er spørsmål om å tilkjenne erstatning for partens eige arbeid med saka,<sup>1</sup> også gjeld for juridiske personars interne kostnader.

Formulert annleis er spørsmålet om juridiske personar står i ei særstilling i forhold til fysiske personar når det gjeld spørsmål om erstatning for partens eige arbeid. Dette spørsmålet reiser seg på bakgrunn av eit standpunkt som teorien hevdar med brei penn, og som krev nærare etterprøving.<sup>2</sup>

---

Problemstillinga er ikkje, eller berre heilt knapt, omtalt i eldre litteratur. Sjå *Francis Hagerup*, Den norske civilproces, tredje utgåve (Oslo 1919) s. 271, *Jon Skeie*, Den norske civilproces, tredje bind (Oslo 1935) s. 781–810, *Per Augdahl*, Norsk Civilprosess, andre utgåve, (Oslo 1951) s. 398–401,

<sup>1</sup> Jf. *Tore Schei*, Tvistemålsloven med kommentarer, (2. utg.) bd. I s. 581, *Skoghøy*, Tvistemål, (2. utg.) s. 1048.

<sup>2</sup> Jf. *Schei*, op. cit. s. 580–581, *Skoghøy*, op. cit. s. 1048.

*E. Alten*, Tvistemålsloven med kommentar, tredje utgåve (Oslo 1954) s. 195–196, *Anders Brat-holm/Jo Hov*, Sivil rettergang, (Oslo 1973) s. 570. Heller ikkje i nyare litteratur er problemstillinga drøfta inngåande. Eit fellestrekk der spørsmålet er nemnt, er at framstillingane er prega av førestellinga av parten som ein *fysisk*, ikkje ein *juridisk*, person.

## 2 RETTSLEG UTGANGSPUNKT – SNEVER RETT FOR Å TILKJENNE ERSTATNING FOR PARTENS EIGE ARBEID

Dei rettslege prinsippa om erstatning for partens eige arbeid dannar eit bakteppe og utgangspunkt for problemstillinga som er tema for artikkelen her. Det sentrale lovgrunnlaget er tvistemålslova (tvml.) § 176. Andre særreglar om dekning av sakskostnader ser eg her vekk frå. Føresegna vil verte avløyst av § 20-5 i lov om mekling og rettargang i sivile tvistar (tvistelova) av 17. juni 2005 nr 90 når den nye lova vert sett i verk, jf. tvistelova § 37-1. Forarbeida uttalar at § 20-5 «... viderefører i det vesentligste tvistemålsloven § 176».<sup>3</sup> Det er derfor neppe nokon realitetsskilnad mellom gammal og ny lov på dette punkt. Sidan det neppe er tale om vesentlege skilnader, og tidspunktet for iverksetjing av den nye tvistelova er usikkert, vert begge føresegnene i det følgjande i nokon grad behandla parallelt, i den grad dette kan kaste lys over problemstillinga.

Den etablerte læra er at tvml. 176 andre ledd, med formuleringa «... arbeid som han sjøl ... har hatt med saka ...», inneheld ein føresetnad om at godtgjering for partens eige arbeid etter omstenda kan dekkjast. I forarbeida er det gitt uttrykk for at retten til å tilkjenne godtgjering for partens eige arbeid skal vere snever:

«Enhver må ... finne seg i å bruke tid og arbeid på sine forretningsmessige og private affærer, også om de leder til en rettstvist, uten at utgiftene kan belastes andre.

Det blir derfor ... særlig det mer omfattende arbeid i forbindelse med føringen av en konkret retts-sak som det kan bli tale om å erstatte, og fortrinnsvis dersom partene ikke har prosessfullmektig.»<sup>4</sup>

På grunnlag av desse merknadane har det som nemnt utvikla seg ein praksis – ei forsiktighetslinje for å bruke teoriens ord – med nokså snever rett til å tilkjenne erstatning for partens eige arbeid med saka.<sup>5</sup> Ei anna sak er at grunngevinga for dette prinsippet ikkje er noko anna enn eit postulatprega imperativ om at alle «må» finne seg i å handtere sine prosessar utan å kunne velte kostnadane over på andre.

## 3 TEORIENS SONDRING MELLOM FYSISKE OG JURIDISKE PERSONAR – ER FORSIKTIGHETSLINJA RESERVERT FOR PARTAR SOM ER FYSISKE PERSONAR?

Med utgangspunkt i den siterte formuleringa frå tvml. § 176, stiller teorien opp eit nokså skarpt skilje mellom på den eine sida godtgjering for «partens eget arbeid», underforstått at parten er ein fysisk person, og på den andre sida godtgjering for arbeid som vert utført av «... en som er ansatt hos parten» eller «partens lovlige stedfortreder».<sup>6</sup> For sistnemnde gruppe konstaterer Schei, med tilvisning til Rt. 1984 s. 1491, at slikt arbeid *kan* krevjast godtgjort, ut

<sup>3</sup> Jf. Ot.prp. nr. 51 (2004–2005) s. 279 andre spalte.

<sup>4</sup> Ot. prp. nr. 30 (1972–73) s. 14.

<sup>5</sup> Jf. nærare *Schei*, op. cit. s. 580–582, *Skoghøy*, op. cit. s. 1048–1049.

<sup>6</sup> Jf. *Schei*, op. cit. s. 580–581.

frå synsmåten om at det i slike tilfeller «... gjerne [vil] påløpe direkte utgifter for parten, f eks ved at det må betales arbeidsgodtgjørelse».<sup>7</sup>

Schei går endå lenger og understrekar at det «ikke [er] tvilsomt» at utgiftene som eit upersonleg rettssubjekt har hatt ved at tilsette har måtta arbeide med saka, kan krevjast erstatta av motparten. Skoghøy legg til grunn tilsvarande sontring, med støtte i framstillinga til Schei, og der sontringa er tydeleggjort allereie i avsnittsoverskrifta.<sup>8</sup> Kjeldegrunnlaget som ligg til grunn for denne sontringa i teorien er svært tynt, og ser ut til å vere avgrensa til avgjerdene i Rt. 1984 s. 1491 og Rt. 1989 s. 358.

#### 4 ANDRE RETTSKJELDER

Den skarpe sontringa i juridisk teori mellom kostnader med partens eige arbeid og kostnader som den juridiske person/det upersonlege rettssubjekt vert påført i form av utgifter ved at tilsette har måtta arbeide med saka, har ikkje noko grunnlag i ordlyden i tvml. § 176. Omgrepet «part» er nøytralt, og omfattar i prinsippet alle rettssubjekt som har partsevne.<sup>9</sup> Ei mogeleg forklaring på at skiljet mellom fysiske og juridiske personar har grodd fram, kan kanskje vere at tolkinga av partsomgrepet har vorte farga av ordlyden «... han sjøl ...». Noko overtudande tolkingsalternativ er likevel ikkje dette, og formuleringa «han sjøl» framstår i dag i alle høve som utdatert. Sidan eit upersonleg rettssubjekt alltid vil måtte få oppgåvene til rettssubjektet utført av andre, gir det i høve til slike partar lita mening å tale om godtgjering for arbeid som «han sjøl» har hatt med saka, om ein ikkje då også inkluderer interne kostnader for juridiske personar i termen «partens eget arbeid».

Forarbeida til tvml. § 176 gir avgrensa rettleiing om partsomgrepet. Formuleringa «enhver» i merknadane som sitert over, dekkjer både fysiske og juridiske personar. Tilvisinga til «private affærer» tyder rett nok på at prinsippet rettar seg mot fysiske personar som partar, men formuleringa «forretningsmessige ... affærer» tilseier at også juridiske personar er omfatta. Forarbeida støttar såleis ikkje den sontringa som teorien har stilt opp. Desse merknadane i forarbeida til endringslova i 1973 må framleis reknast å gi uttrykk for gjeldande rett, også under den nye tvistelova, sidan § 20-5 i det vesentlege vidarefører tvml. § 176.

Den sentrale rettspraksis som ligg til grunn for teoriens behandling av spørsmålet, gir også inntrykk av at den forsiktighetslinja som har utvikla seg med utgangspunkt i merknadane frå forarbeida, primært er mynta på tilfella der parten er ein *fysisk* person, jf. på den eine sida mellom anna Rt. 2000 s. 1684, Rt. 1999 s. 1422, Rt. 1997 s. 458, Rt. 1988 s. 353, Rt. 1987 s. 1563, og på den andre sida saker som involverer *juridiske* personar; Rt. 1989 s. 358 og Rt. 1984 s. 1491

Rt. 2000 s. 1684 gjaldt sakskostnader for partens eige arbeid med saka, der begge partar var fysiske personar, i sak om tvangsfullføring av samværsrett. Fleirtalet slutta seg til lagmannsrettens rettsbruk, og uttalte at «... lovforarbeider samt foreliggende rettspraksis tilsier at partens eget arbeid med saken bare kan kreves godtgjort av motparten i sjeldne tilfeller ...».

<sup>7</sup> Jf. Schei, op. cit. s. 581, og tilsvarande sontring hjå Skoghøy, op. cit. s. 1048–1049.

<sup>8</sup> Jf. Skoghøy, op. cit. s. 1049: «I tilfeller hvor parten er en *fysisk person*, kan parten ikke kreve dekning for tapt arbeidsfortjeneste, og vederlag for partens eget arbeid kan bare kreves dekket under særlige omstendigheter» (mi uth.).

<sup>9</sup> Om partsevne, sjå m.a. Skoghøy, op. cit. s. 157 flg.

Rt. 1997 s. 458 gjaldt tvist mellom to fysiske personar, sjølvprosederande for tingrett og lagmannsrett. Kjæremålsutvalet uttalte her at «... utgangspunktet [er] at parten bare under særlige omstendigheter kan få godtgjørelse for [eget arbeid med saken], se Rt 1987 s. 1563».

I Rt. 1987 s. 1563, som er ei avgjerd det ofte er blitt referert til, uttalte Kjæremålsutvalet at «... en part bare under særlige omstendigheter [kan] få godtgjørelse gjennom saksomkostningsavgjørelsen for det arbeidet *han personlig* har måttet yte i anledning saken» (s. 1560, mi utheving). Formuleringa «han personlig» kunne kanskje tyde på at Kjæremålsutvalet oppfattar prinsippet som gjeldande for partar som er fysiske, ikkje juridiske, personar. Men noko godt slutningsgrunnlag er ikkje dette, og det bør visast atterhald med å leggje for mykje i slike formuleringar.

Rt. 1988 s. 353 la til grunn at det kunne krevjast både erstatning for utgifter til prosessfullmektig, og godtgjering til styreformann for tapt arbeidsforteneste.

I Rt. 1989 s. 358 konstaterte Kjæremålsutvalet at det var rett rettsbruk at parten fekk vederlag for eige arbeid med saka, i tillegg til at det var gitt erstatning for prosessfullmektigens arbeid og utgifter. *Schei*, op. cit. s. 581, brukar denne avgjerda til å understreke skiljet mellom dekning av partens arbeid, og dekning av utgifter som eit upersonleg rettssubjekt har hatt med å arbeide med saka.

Rt. 1984 s. 1491 slo fast at ein styreformann i eit aksjeselskap, som opptrer for selskapet som prosessfullmektig etter tvml. 44 andre ledd, har krav på godtgjering.

Sjølv om det i rettspraksis lar seg påvise ei slik sontring som teorien stiller opp, gir likevel ikkje desse sakene i seg sjølv noko god forklaring på sontringa mellom fysiske og juridiske personar i forhold til spørsmålet om godtgjering for eige arbeid. Utvalet av saker er nokså avgrensa, og spørsmålet har ikkje kome heilt på spissen i nokon av desse sakene.

Søk i Lovdata på formuleringa «partens eget arbeid»/«partens eige arbeid» og liknande formuleringar, viser at hovudtyngda med treff gjeld saker mellom privatpersonar. I dei relativt få sakene som involverer juridiske personar, synest likevel prinsippet om at det må ligge føre «særlige omstendigheter» for å tilkjenne godtgjering for partens eige arbeid også å vere nytta på det upersonlege juridiske subjektets «interne» kostnader. I ei sak, LE-2003-756, fann lagmannsretten at eit krav på kr. 25.000 for «... dekning av påløpte administrasjonskostnader ... var «rimelig og erstatningsmessig».

Ei sontring mellom fysiske og juridiske personar framstår uansett som litt tilfeldig, og det er uklart om *Schei* og *Skoghøy* meiner at forsiktighetslinja som vart nedfelt i forarbeida frå 1973, ikkje gjeld for juridiske personars interne kostnader.

I den nye tvistelova § 20-5 (1), tredje setning, er det partens eige arbeid som er fokusert, men her utan ei tilsvarande formulering som «... han sjølv ...» i tvml. § 176:

«Parten kan kreve rimelig godtgjøring for eget arbeid med saken når det har vært særlig omfattende eller det ellers måtte ha vært utført av en prosessfullmektig eller annen fagkyndig hjelper.»

Ordlyden her tilseier derfor at partsomgrepet er nøytralt, og at det omfattar alle rettssubjekt som har partsevne. Formuleringa «godtgjøring for eget arbeid» må då naturleg omfatte også kostnader som kjem på i samband med at det upersonlege rettssubjekt brukar interne ressursar til å arbeide med saka.

Konklusjonen bør etter dette vere at partsomgrepet i tvml. § 176 og tvistelova § 20-5 er nøytralt i høve til partens rettslege status, også når det er spørsmål om å tilkjenne godtgjering for partens eige arbeid. Konsekvensen av denne konklusjonen er at det ikkje er grunnlag for å oppstille eit slikt skarpt skilje mellom fysiske og juridiske personar som har vore vanleg lære i

teorien til no. Og det må bety at den såkalla forsiktighetslinja i prinsippet gjeld også når det er spørsmål om å tilkjenne erstatning for juridiske personars interne kostnader.

Noko anna er at det kan gjere seg gjeldande ulike omsyn i relasjon til ulike typar partar, både når det gjeld spørsmålet om det er grunnlag for å tilkjenne godtgjering for eige arbeid, og sjølv utmålinga av slik godtgjering.

## **5 NÆRARE OM VILKÅRA FOR Å TILKJENNE GODTGJERING FOR JURIDISKE PERSONARS INTERNE KOSTNADER**

Tvistemålslova § 176 inneheld ikkje nærare vilkår for å tilkjenne godtgjering for juridiske personars interne kostnader. Men konklusjonen i pkt. 4 over om at partsomgrepet er nøytralt, tilseier at prinsippa som har utvikla seg i høve til erstatning for partens eige arbeid (underforstått parten som fysisk person), også må gjelde når det er spørsmål om erstatning for juridiske personars interne kostnader.

Det sentrale rettslege utgangspunktet her er merknadane i forarbeida som sitert i pkt. 2, og den praksis som har utvikla seg på grunnlag av desse, særleg avgjerda i Rt. 1999 s. 1422. Saka gjaldt kjæremål mot kostnadsavgjerda frå lagmannsretten ei i sak der det frå ei rad investorar forgjeves var gjort gjeldande erstatningsansvar mot styremedlemmer og revisor for påstått mangelfull og villeiande informasjon om den økonomiske situasjonen i investerings-selskapet AS Investa. For spørsmålet om å tilkjenne godtgjering for partane sitt eige arbeid, hadde lagmannsretten gitt følgjande grunngjeving:

«Når det gjelder det som er krevd i form av godtgjørelse til Magne Jordanger, Petter Raaholt og Odd Rune Austgulen, legger lagmannsretten etter en nøye vurdering til grunn at disse tre er berettiget til slik dekning. Disse har hjulpet prosessfullmektigene med nødvendig spesialkunnskap og arbeid som prosessfullmektigene ellers måtte ha skaffet eksternt. Omkostningene til ytterligere nødvendig eksternt sakkyndighet ville med all sannsynlighet ha overskredet det som er krevd. Ut fra de samme betraktninger godtas utgiftene til intern konsulentbistand som Coopers & Lybrand [det saksøkte revisjonsselskap] har ytet, også når det gjelder arbeid utført av fagsjef Trond Tømte.»<sup>10</sup>

Kjæremålsutvalet slutta seg til lagmannsrettens vurdering av at slik nødvendig sakkunnskap som partane her hadde ytt til prosessfullmektigane, og som prosessfullmektigane ellers måtte ha skaffa eksternt, fell sentralt innanfor slike særlege forhold som kan gjere det rimeleg å fråvike hovudprinsippet om at partens eige arbeid ikkje vert godtgjort.

At avgjerda i Rt. 1999 s. 1422 var karakterisert som «... en erstatningssak av helt usedvanlige dimensjoner, både økonomisk og når det gjelder omfanget av det fremlagte materiale»,<sup>11</sup> kan neppe oppfattast slik at det er eit vilkår for å tilkjenne godtgjering til den private part at det må vere tale om saker av heilt ekstraordinært stort omfang. Det relevante vurderingstemaet er nok i det alt vesentlege ein variant av nødvendighetskriteriet, og der det er spørsmål om det har vore nødvendig at partane har ytt «nødvendig sakkunnskap og arbeid som prosessfullmektigene ellers måtte ha skaffet eksternt». I prinsippet må alle typar sakkunne vere omfatta av dette prinsippet.<sup>12</sup>

---

<sup>10</sup> Rt. 1999 s. 1422 (s. 1435).

<sup>11</sup> Rt. 1999 s. 1422 (s. 1434).

<sup>12</sup> Sjø til illustrasjon avgjerd frå Agder lagmannsrett 4. november 2003, LA-2003-1207.

Eitt forhold som er framheva i forarbeida, er at det særleg er «... det mer omfattende arbeid» i samband med føringa av ei konkret retts sak som det kan vere tale om å erstatte. Dette aspektet understrekar at kostnadsdekning for interne kostnader i større saker er viktig; det er særleg i saker av større omfang at det vil kunne framstå som urimeleg om ikkje parten, herunder både fysiske og juridiske personar, skulle kunne få dekkja interne kostnader som går med til å føre saka på ein forsvarleg måte. Reservasjonen i forarbeida – om at dekning også av «det mer omfattende arbeid» fortrinnsvis er aktuelt berre «... dersom partene ikke har prosessfullmektig» – kan neppe oppfattast som uttrykk for nokon reell reservasjon, og i alle fall ikkje i saker av nokon storleik, jf. særleg Rt. 1999 s. 1422.

Vurderingskriteriet som vart formulert i Rt. 1999 s. 1422, finn vi att klare spor av i den nye tvistelova § 20-5 (1) tredje setning, der vilkåra for å tilkjenne godtgjering for partens eige arbeid er at arbeidet må ha vore «særleg omfattende eller det ellers måtte ha vært utført av en prosessfullmektig eller annen fagkyndig hjelper». I forarbeida er føresegna utlagt slik at «[v]ederlag for partens eget arbeid kan kreves dekket under særlige omstendigheter, for eksempel der parten i betydelig grad har utført arbeid som ellers ville ha måttet utføres av en advokat eller av en person med annen sakkyndighet».<sup>13</sup> Sidan § 20-5 i det alt vesentlege er ei vidareføring av tvml. § 176, tilseier dette at forsiktighetsprinsippet som vart formulert i forarbeida til endringslova til tvml. § 176 andre ledd i 1973, og praksis som har utvikla seg i lys av dette prinsippet, framleis må reknast som uttrykk for gjeldande rett, med visse reservasjonar, også under den nye tvistelova.

Eit særleg spørsmål gjeld erstatning for tapt arbeidsforteneste for parten eller partens lovlege representant ved å møte i retten. Det har på dette punkt vore vanleg lære at ein part som er ein fysisk person, i motsetnad til partens lovlege representant, ikkje får dekkja tapt arbeidsforteneste ved å møte i retten. Men også for partar som er fysiske personar, har det i teorien vore argumentert for at tapt arbeidsforteneste ein part har ved å møte i retten i saker av noko omfang, må reknast som ein nødvendig kostnad ved saka. Det blir vist til saker som går over fleire dagar, og det oppstår tap av arbeidsforteneste av «ikke-ubetydelig omfang».<sup>14</sup> Sjølv om det ikkje ligg føre noko empirisk materiale, er det nok relativt sjeldan at posten tapt arbeidsforteneste er inkludert i kostnadsoppgåver som vert levert til domstolane. Det kan vel vere ulike grunnar til det, men ei forklaring kan nok vere at prinsippet ikkje har fått nok merksemd frå prosessfullmektigane.

## 6 UTMÅLING AV ERSTATNING FOR INTERNE SAKSKOSTNADER

Dersom det først ligg føre grunnlag for å tilkjenne ein part erstatning for interne saks kostnader, oppstår det spørsmål om utmåling av denne erstatninga. For denne utmålinga gjeld dei generelle reglane om utmåling av saks kostnader.

Utmåling av erstatning for saks kostnader har vesentleg betydning for kostnadsnivået for rettslege prosessar. Tvistemålsutvalet har i sine prinsipielle synspunkt på utforminga av saks kostnadsreglane, med tilslutnad frå Justisdepartementet, kritisert det generelle kostnadsnivået: «Saks kostnadsreglane bør utformes slik at den kostnadsspiralen som en har sett de siste årtier i sivile søksmål, ikke skyter ytterligere fart.»<sup>15</sup> Dette generelle synspunktet vil også gjelde for utmåling av erstatning for juridiske personars interne saks kostnader. Ei anna sak er at kritikken på dette punkt er postulatprega, unyansert og udokumentert.

<sup>13</sup> Ot.prp. nr. 51 (2004–2005) s. 279 første spalte.

<sup>14</sup> Jf. *Skoghøy*, op. cit. s. 1048, med støtte i *Schei*, op. cit. s. 581.

<sup>15</sup> Jf. NOU 2001: 32 Del A, II, kap. 20.1, s. 531 andre spalte, og Ot.prp. nr. 51 (2004–2005) s. 276 andre spalte.

Tvistemålslova § 176 første ledd byggjer som nemnt på eit prinsipp om full erstatning for partens «omkostninger», men avgrensa innanfor eit nødvendighets- og tilknytningskrav; «erstatningen [skal] omfatte alle de omkostninger, han har hat med saken, forsaavidt de efter rettens skjøn var nødvendige for at faa saken betryggende utført». Innanfor ramma av kravet om at kostnadane må ha vore nødvendige, og ha tilknytning til saka, skal erstatninga altså omfatte alle kostnader. Eg ser her vekk frå reglane om deling av kostnader, og tilkjenning av delvis dekning av kostnader.

Den nye tvistelova § 20-5 første ledd, første og andre setning, inneheld eit tilsvarande prinsipp når det er tale om å tilkjenne full erstatning, men med ei særskilt presisering av proporsjonalitetsprinsippet i andre setning, som eit element i nødvendighetskriteriet.

«Full erstatning for sakskostnader skal dekke alle partens nødvendige kostnader ved saken som ikke særlige regler gir grunnlag for å unnta. Ved vurderingen av om kostnadene har vært nødvendige, legges det vekt på om det ut fra betydningen av saken har vært rimelig å pådra dem.»

Felles for begge desse føresegnene er eit noko uklart kostnadsomgrep. Det er like eins noko uklart kva Schei legg i formuleringa «direkte utgifter» i den siterte merknaden i punkt 3 over, i høve til ordlyden «omkostninger» i lova. «Direkte utgifter» synest å vere snevrare enn «omkostninger». Men dømet som vert gitt i tilknytning til Rt. 1984 s. 1491 – betaling av arbeidsgodtgjering – syner at utgiftsomgrepet her reelt sett dekkjer generelle kostnader til arbeidskraft som vert nytta til å arbeide med saka. Også i forarbeida til den nye tvistelova vert omgrepa utgift og kostnad brukt upresist om einannan. Kostnadsomgrepet synest såleis ikkje å ha skarpe avgrensingar utover det som kan utleiast av nødvendighets-, proporsjonalitets- og tilknytningskravet.

Tvistemålsutvalets generelle og prinsipielle utgangspunkt når det gjeld utmåling av sakskostnader er at utmålinga «... som hovedregel [bør] dekke de utgifter som faktisk er påløpt for parten i saken».<sup>16</sup> Dersom det først er slått fast at det er riktig å tilkjenne ein part dekning for sakskostnader, må det etter Tvistemålsutvalets syn vere gode grunnar for å kunne avgrense dei kostnadane som vert tilkjent, i forhold til kostnader som faktisk er påløpt. Under føresetnad av at interne kostnader ikkje står i nokon særstilling, må desse generelle utgangspunkta også leggjast til grunn ved utmåling av parten sine interne sakskostnader.

Det er særleg tre element som vil stå sentralt ved eventuelle slike avgrensingar i prinsippet om «full erstatning»: «(a) Bare nødvendige utgifter dekkes, (b) det skal være proporsjonalitet mellom utgiftene og det som kan oppnås ved dem – med andre ord betydningen av saken og (c) det skal være en begrensning i forhold til særlig kostbar bistand, ...».<sup>17</sup>

Kravet om at utgiftene eller kostnadane må ha vore «nødvendige», vil normalt vere oppfylt dersom utgifta eller kostnaden representerer tilføring av sakkyndig hjelp som har ført til innsparing på andre postar i sakskostnadsrekneskapen, jf. særleg Rt. 1999 s. 1422. I visse saker der parten har vore advokat, og har utført eige arbeid i tillegg til prosessfullmektigen, har dette gitt grunnlag for godtgjering av eige advokatarbeid. Til dømes la lagmannsretten i LE-1994-1080 til grunn at parten hadde utført advokatarbeid, og at det under slike forhold må «...

<sup>16</sup> Jf. NOU 2001: 32 Bind A, Del II, kap. 20.7, s. 542 andre spalte og Ot.prp. nr. 51 (2004–2005) s. 279 andre spalte.

<sup>17</sup> Jf. NOU 2001: 32 Bind A, Del II, kap. 20.7, s. 542 andre spalte og Ot.prp. nr. 51 (2004–2005) s. 279 andre spalte.

antas å være hjemmel for å dekke partens eget arbeid». <sup>18</sup> Rettspraksis elles tyder på at den såkalla forsiktighetslinja som har utvikla seg, ikkje står sterkt i saker av omfattande omfang og kompleks karakter, heller ikkje der partane er fysiske personar jf. særleg Rt. 1999 s. 1422.

Eit anna spørsmål er kva krav til dokumentasjon for eller annan sannsynleggjering av interne kostnader som bør stillast. Under førebuinga til ny tvistelov avviste Justisdepartementet eit krav som vart sett fram i høyringsrunden om at godtgjering for ein parts eige arbeid skulle avgrensast til *dokumenterte* tap. Synspunktet til departementet her var at kriteriet «rimelig godtgjøring» i § 20-5 første ledd tredje setning gir tilstrekkeleg avgrensing i tilfelle der eige arbeid på partens side ikkje medfører tap for parten. <sup>19</sup>

Dersom det er grunnlag for å tilkjenne godtgjering for partens sitt eige arbeid (underforstått parten som ein fysisk person), er det i teorien lagt til grunn som naturleg utgangspunkt partens vanlege timegodtgjering, dersom slik fins, men at det ved utmålinga må vere rom for «atskil- lig skjønn fra rettens side». <sup>20</sup> Eit tilsvarende marknadsverdiprinsipp må også gjelde ved utmåling av erstatning for interne kostnader. Dette følgjer av prinsippet om full erstatning. Erstatninga må såleis utmålalt etter dei kriteria som gjeld for fastsetjing av vederlaget for kjøp av det arbeid som vert godtgjort, typisk i form av timeprisar for det personell som er allokert til arbeid med tvisten. <sup>21</sup> Til dømes må eit entrepriseselskap som må allokere ein ingeniør til ein rettsleg tvist, i prinsippet kunne krevje erstatning for talet på arbeidstimar multiplisert med vedkommande sin timesats, med påslag for normale «overheads» i form av arbeidsgivaravgift og sosiale kostnader, under føresetnad av at timetalet ligg innanfor nødvendighets-, proporsjonalitets- og tilknytingskravet.

Det er såleis ikkje heimel for at domstolane stiller strenge krav til dokumentasjon som vilkår for å tilkjenne og/eller utmåle eit rimeleg nivå på godtgjeringa for partens eige arbeid, inkludert juridiske personars interne kostnader. Her som ellers gjeld det eit krav om sannsynleggjering av kravet, og domstolane bør også ta omsyn til at mange partar, inkludert næringsdrivande, ikkje alle er like flinke til å dokumentere sine krav. Trass lite dokumentasjon kan det likevel utøvast eit forstandig og rimeleg skjønn over interne kostnader. Domstolane har også plikt til å gjere ei slik vurdering, jf. Rt. 1970 s. 702. Med tilvising til denne avgjerda vart det i Rt. 1984 s. 1491 slått fast at den skjønsmessige fastsetjinga av sakskostnadane måtte omfatte *alle* kostnadane vedkommande part hadde hatt med saka, sjølv om det ikkje var lagt fram kostnadsoppgåve. I lys av desse prinsippa må derfor parten sine eigne oppgåver over ressursbruket i utgangspunktet kunne gi ei viss rettleiing. Det gjeld såleis ikkje noko strengt dokumentasjonskrav for å kunne tilkjenne dekning av interne sakskostnader. Den praktiske konsekvensen av desse synsmåtene er at partane må syte for forsvarleg registrering og dokumentasjon av intern ressursbruk i samband med rettsaker.

Eit anna spørsmål ved utmåling av interne kostnader er om summen av godtgjering for arbeid utført av part og prosessfullmektig må ligge innanfor ei normal kostnadsramme, som om arbeidet hadde vore utført av *ein* prosessfullmektig. Svaret her må vere nei. Vurderingstemaet

---

<sup>18</sup> Sjå liknande synsmåtar i avgjerd frå Eidsivating lagmannsrett 30. april 1993, LE-1993-440.

<sup>19</sup> Jf. Ot.prp. nr. 51 (2004–2005) s. 281 første spalte.

<sup>20</sup> Jf. *Tore Schei*, Tvistemålsloven med kommentarer (2. utg.) bd. I s. 582.

<sup>21</sup> Jf. *Skoghøy*, op. cit. s. 1049.



er nok heller «... om summen av partens og prosessfullmektigens bidrag overstiger nødvendighetskriteriet».<sup>22</sup>

I tillegg til nødvendighetskriteriet som avgrensingsfaktor vil prinsippet om full erstatning også vere avgrensa av eit prinsipp om at det skal vere «proporsjonalitet mellom utgiftene og det som kan oppnås ved dem – med andre ord betydningen av saken», jf. forarbeida som sitert over. Eit slikt proporsjonalitetsprinsipp er ei nydanning – eller kanskje rettare ei tydeleg-gjering av eit allereie eksisterande prinsipp for utmåling av sakskostnader. Innføringa av eit slikt prinsipp vil etter Justisdepartementets vurdering «... muliggjøre at domstolene – i større grad enn etter gjeldende rett – vil kunne påvirke kostnadsnivået. Proporsjonalitetskriteriet vil kunne bli et effektivt grunnlag for en reell domstolskontroll og vil kunne sikre at kostnadsnivået i sivile saker holdes på et forsvarlig nivå».<sup>23</sup>

Proporsjonalitetsprinsippet vil truleg verte både eit fleksibelt og effektivt verktøy for domstolane sin kontroll med sakskostnadane i sivile saker. Prinsippet femner vidt nok til også å kunne danne grunnlag for sensur av partens sine egne kostnader, herunder også interne kostnader.

Ei ytterlegare avgrensing i prinsippet om full erstatning er at det normalt ikkje vil bli gitt erstatning for «særleg kostbar bistand». Dette kriteriet vil neppe ha noko særleg praktisk betydning som avgrensning av krav på dekning av partens interne, ved sidan av proporsjonalitetsprinsippet.

---

<sup>22</sup> Jf. avgjerd frå Eidsivating lagmannsrett 13. april 2000, LE-2000-191.

<sup>23</sup> Jf. Ot.prp. nr. 51 (2004–2005) s. 280 andre spalte, samt s. 51–55.